



MØTEBOK

Organ	Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad	Skei hotell
Møtedato	16.03.2016
Kl.	10:00 – 15.00

Faste medlemmer til stades: Erlend Haugen Herstad, Magnus Strand, Bente Underthun

Forfall til møtet: Wenche Røkenes, Odd Atle Stegegjerdet

Varamedlemmer til stades: Anita Æsøy

Til stades med møte- og talerett:

Sekretariat for møtet: Anne-Kjersti S. Stenehjem

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 4. februar 2016 vart godkjend utan merknader.

Orientering om nasjonal kartlegging av universell utforming og tilgjengelegheit v/ Jo Tore Kristoffersen. Fylkeskommunen har kartlagt tilgjenge til 24 badeplassar og 20 skianlegg i fylket. Anlegg for fysisk aktivitet bør vere tilgjengelege for alle.

Kartlegginga er gjennomført for å styrke tilgjenge for alle til skianlegg og offentlege badeplassar i fylket. Registreringa er gjennomført i alle kommunane og det er no opp til kommunane og skianlegga å ta dette vidare i si planlegging og gjennomføre tiltak for å betre tilgjenga.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har fått 100 000 kroner frå Kartverket til å styrke kunnskap og kartlegge om ski-anlegg, badeplassar og utvalde turstiar oppfyller krava om universell utforming. Kartlegginga ser på parkeringsplass, HC-toalett, tilkomst til område, sittegruppe med meir. Kartlegginga er gjennomført i alle kommunar. Den syner store variasjonar i tilrettelegging for personar med nedsett funksjonsevne ved badeplassar og skianlegg.

Vegen vidare: Oppmodar kommunane om å kontakte fylkeskommunen og ynskjer meir kartlegging, og har tilbydd kommunane om å låne utstyret som vart kjøpt inn til prosjektet. Vurdert å kartlegge skianlegga på vinterstid for å få ei god nok kartlegging.

Medlemmane ytra at det var nyttig informasjon og at prosjektet har starta noko som kan verte enno meir omfangsrikt. Sekretær sender ut rapporten og presentasjonen på e-post til medlemmane.

Følgjande skriv vart lagde fram til orientering:

Meldesak 1) Samarbeid med UPU

Sekretær har vore i dialog med sekretær for ungdomspolitisk utval, og fått tilbakemelding om at forslaget om eit samarbeid/erfaringsutveksling vert teke opp på møtet til ungdomspolitisk utval medio mars 2016. Det vert sendt ei tilbakemelding til fylkesrådet i etterkant av møtet i ungdomspolitisk utval.

Meldesak 2) SOR-konferansen i Bergen 2. – 3. mai

Tittelen på SOR-konferansen er «Nye tider! Effektivitet, kvalitet og gode løysingar når økonomiske rammevilkår endres».

Det vart i møtet 4. februar bestemt at det skulle avgjerast i møtet 16. mars, kven som reiser på konferansen. Kven reiser på konferansen i Bergen?

Konklusjon:

Følgjande reiser på konferansen: Wenche, Erlend, Odd Atle og Bente. Deltakarane melder seg på konferansen sjølv.

Meldesak 3) Ymse

- *Informasjon frå Gaular kommune - fråsegn uttale* – informasjon sendt på e-post
Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonshemma i Gaular kommune har i møte den 04.03.2016 gjeve to fråsegner om følgjande:
 1. Høyringsutkast – Organisering av tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane.
 2. Høyringsutkast: Nytt inntektssystem for kommunane.

Høyringsuttalane er sende til høvesvis Departementet og til fylkeskommunen.

Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonshemma i Gaular kommune har også bedd om at fråsegna vert sende til ordførar og varaordførar i Gaular kommune, samt til alle gruppeleiarane for dei ulike partia. Vidare vert det send til Pensjonistlaget i Sogn og Fjordane, Fylkesrådet for eldre og Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonshemma. Ber om at sentraladministrasjonen i fylkeskommunen sender vidare til dei to fylkesråda.

- *Regional planstrategi* - uttalefrist 28. april – informasjon sendt på e-post

SAK 4/16 Oppgåvene til fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne og korleis fylkesrådet skal jobbe i perioden 2016 - 2019

Det vart i møtet jobba med ein arbeidsdokument som inneheld mål og tiltak for arbeidet til fylkesrådet.

Endringsframlegg:

Arbeidsplan for fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne:

Mål:

- Innbyggerane i Sogn og Fjordane veit kven vi er, kva saker vi har jobba med, og kva som kan brukast vidare i neste periode
- Fylkespolitikarane skal vite kva fylkesrådet er og kva vi jobbar med - fylkestinget/fylkeskommunale organa oppsøker aktivt fylkesrådet
- Rådet ynskjer å engasjere seg i offentleg tenesteyting, opplæring, universell utforming

Tiltak:

- Informasjonsbrosjyre (digital) - om fylkesrådet og samleinformasjon, dagsaktuelle ting
- Konferanse - kommunane - konferanse for heile fylket eller regionvis?
- Aktive i media - fronte saker som vedkjem menneske med nedsett funksjonsevne
- Synleg i fylkesting og fylkesutval
- Oppsøke og informere alle partigruppene
- Invitere leiarane for hovudutvala (inkl. fylkesdirektørane) til dialog med fylkesrådet. Kva ser for eksempel hovudutvala for seg av kva som er utfordringar og kva fylkesrådet kan engasjere seg i
- Representantane i fylkesrådet som representerer SAFO og FFO ha dialog med brukarorganisasjonane, for å få innspel på viktige saker som fylkesrådet bør jobbe med
- Samarbeid med dei kommunale råda - få innspel og drive oppfølging

Arbeidsplanen skal bli teke opp som tema på kvart møte. Fylkesrådet utdjuar tiltaka meir på neste møte.

Avrøysting:

Einstemmig

Dette gir følgjande VEDTAK:

Arbeidsplan for fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne:

Mål:

- Innbyggerane i Sogn og Fjordane veit kven vi er, kva saker vi har jobba med, og kva som kan brukast vidare i neste periode
- Fylkespolitikarane skal vite kva fylkesrådet er og kva vi jobbar med - fylkestinget/fylkeskommunale organa oppsøker aktivt fylkesrådet
- Rådet ynskjer å engasjere seg i offentleg tenesteyting, opplæring og universell utforming

Tiltak:

- Informasjonsbrosjyre (digital) - om fylkesrådet og samleinformasjon, dagsaktuelle ting
- Konferanse - kommunane - konferanse for heile fylket eller regionvis?
- Aktive i media - fronte saker som vedkjem menneske med nedsett funksjonsevne
- Synleg i fylkesting og fylkesutval
- Oppsøke og informere alle partigruppene

- Invitere leiarane for hovudutvala (inkl. fylkesdirektørane) til dialog med fylkesrådet. Kva ser for eksempel hovudutvala for seg av kva som er utfordringar og kva fylkesrådet kan engasjere seg i
- Representantane i fylkesrådet som representerer SAFO og FFO ha dialog med brukarorganisasjonane, for å få innspel på viktige saker som fylkesrådet bør jobbe med
- Samarbeid med dei kommunale råda - få innspel og drive oppfølging

Arbeidsplanen skal bli teke opp som tema på kvart møte. Fylkesrådet utdjupar tiltaka meir på neste møte, og konkretiserer kulepunkt tre under mål.

SAK 5/16 Utgreiing om framtidsetta tannhelseteneste

Frå leiar låg det føre slik tilråding til vedtak:

Ikkje legg ned tannklinikkar

Sogn og Fjordane har 28 offentlege tannklinikkar. Tannhelsetenesta held høg kvalitet og har god nærleik til innbyggjarane. Direktør for tannhelsetenesta, tek til orde for å legge ned 13 tannklinikkar innan 2020. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne meiner dette er eit steg i feil retning.

Tannhelse er ein viktig del av folkehelsa, og tannklinikane bør liggja nær brukarane. Vi ynskjer ikkje at born med føresette, menneske med nedsett funksjons evne og eldre skal måtte reise langt for å kome til tannlege. Dette vil føre til meir fråvere frå skule og arbeid, og det vil vere ekstra tyngande for dei med nedsett funksjonsevne med lengre reiseavstand enn det er pr. no. Endring i struktur vil òg kunne gje auka reisekostnader. Godt tilrettelagte tenester vil vere attraktivt for busetjing i by og bygd.

Fylkesrådet veit av erfaring at menneske med nedsett funksjonsevne har større behov for å bruke tannhelsetenesta, enn det som er gjennomsnittleg.

Sogn og Fjordane har tradisjon for å tilby nære og gode tenester til innbyggjarane. Fylkesrådet vil at dette skal halda fram også i framtida. Fylket er i ein vanskeleg økonomisk situasjon, og må gjere store innsparingar i åra som kjem. Å kutte i tannhelsetenesta er eit lite framtidsetta grep. Dessutan er det på tale å overlata ansvaret for tannhelsetenesta til kommunane. Vi meiner det er feil å gjere store strukturelle grep før dette er nærare avklåra.

Tannhelsestrukturen bør ikkje rokkast med før ein ser kva kommunestrukturen blir i framtida.

Skysstgifter eigenandel er foreslått å aukast frå 100,- kr til 1000,- kr. Dette er noko fylkesrådet kan støtte dersom ein ikkje legg om tannhelsestrukturen.

Fylkesrådet vil:

- Oppretthalde ein desentralisert struktur i den offentlege tannhelsetenesta.
- Vente med å gjere strukturelle endringar i tannhelsetenesta til det er avklåra om tannhelsa for framtida skal vere kommunal eller fylkeskommunal.

Avrøysting:

Einstemmig

Dette gir følgjande VEDTAK:

Ikkje legg ned tannklinikkar

Sogn og Fjordane har 28 offentlege tannklinikkar. Tannhelsetenesta held høg kvalitet og har god nærleik til innbyggjarane. Direktør for tannhelsetenesta, tek til orde for å legge ned 13 tannklinikkar innan 2020. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne meiner dette er eit steg i feil retning.

Tannhelse er ein viktig del av folkehelsa, og tannklinikane bør liggja nær brukarane. Vi ynskjer ikkje at born med føresette, menneske med nedsett funksjons evne og eldre skal måtte reise langt for å kome til tannlege. Dette vil føre til meir fråvere frå skule og arbeid, og det vil vere ekstra tyngande for dei med nedsett funksjonsevne med lengre reiseavstand enn det er pr. no. Endring i

struktur vil òg kunne gje auka reisekostnader. Godt tilrettelagte tenester vil vere attraktivt for busetjing i by og bygd.

Fylkesrådet veit av erfaring at menneske med nedsett funksjonsevne har større behov for å bruke tannhelsetenesta, enn det som er gjennomsnittleg.

Sogn og Fjordane har tradisjon for å tilby nære og gode tenester til innbyggjarane. Fylkesrådet vil at dette skal halda fram også i framtida. Fylket er i ein vanskeleg økonomisk situasjon, og må gjere store innsparingar i åra som kjem. Å kutte i tannhelsetenesta er eit lite framtidsretta grep. Dessutan er det på tale å overlata ansvaret for tannhelsetenesta til kommunane. Vi meiner det er feil å gjere store strukturelle grep før dette er nærare avklåra.

Tannhelsestrukturen bør ikkje rokkast med før ein ser kva kommunestrukturen blir i framtida.

Skyssutgifter eigenandel er foreslått å aukast frå 100,- kr til 1000,- kr. Dette er noko fylkesrådet kan støtte dersom ein ikkje legg om tannhelsestrukturen.

Fylkesrådet vil:

- Oppretthalde ein desentralisert struktur i den offentlege tannhelsetenesta.
- Vente med å gjere strukturelle endringar i tannhelsetenesta til det er avklåra om tannhelse for framtida skal vere kommunal eller fylkeskommunal.

SAK 6/16 Økonomiplan 2017 - 2020 - Innspel, prosess, arbeidsdeling og framdriftsplan

Følgjande innspel til økonomiplan vart lagt fram i møtet frå medlemmene i fylkesrådet:

- Vidaregåande opplæring - unngå segregerte tilbod i vidaregåande opplæring, slik at alle vert inkludert. Ivareta og legg til rette for alle i vidaregåande opplæring, slik at det vert ei inkluderande og likeverdig opplæring for alle. Retten til opplæringsperiode må vere likt praktisert hos alle dei vidaregåande skulane.
- Folkehelsearbeidet – det skal vere eit tilbod for alle
- Tannhelse – laga uttale i sak 5
- Prioritere ungdom, barn og opplæring, slik at kostnadskutta ikkje rammar desse gruppene

Endringsframlegg:

Frist for innspel frå medlemmene innan 31. mars til sekretær og leiar. Leiar og sekretær ferdigstiller uttalen til fristen 20. april.

Avrøysting:

Einstemmig

Dette gir følgjande VEDTAK:

Frist for innspel frå medlemmene innan 31. mars til sekretær og leiar. Leiar og sekretær ferdigstiller uttalen til fristen 20. april.

SAK 7/16 Høyringsnotat frå kommunal- og moderniseringsdepartementet

Innspel til høyringsnotatet vart diskutert i fylkesrådet.

Endringsframlegg:

Fylkesrådet støttar lovforslaget frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Avrøysting:

Einstemmig

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesrådet støttar lovforslaget frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

SAK 8/16 Skriv og melding 16. mars 2016

Frå sekretær låg det føre slik tilråding til vedtak:

- 1. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande.**
- 2. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne sine uttalar og kommentarar til kvar einskild skriv og melding vert lagt inn under kvar meldesak.**

Avrøysting:

Einstemmig

Dette gir følgjande VEDTAK:

- 1. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande.**
- 2. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne sine uttalar og kommentarar til kvar einskild skriv og melding vert lagt inn under kvar meldesak.**
